

HELGE RØD AS  
Hansdalsvegen 3  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

---

<b>Dato</b>	03.04.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/34518-3
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Malene Utkilen
<b>E-post</b>	Malene.Utkilen@vlfk.no
<b>Telefon</b>	94172524

## Vedtak - dispensasjon frå byggegrense - fv. 5422 - carport - gnr. 41 bnr. 4 - Haus - Osterøy kommune

Vi viser til søknad av 09.03.2023.

### Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5422 Gjerstadvegen for å oppføre garasje.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5422 for å oppføre garasje på gnr. 41 bnr. 4 i Osterøy kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 09.03.2023.
2. Avstanden frå garasjen (inkludert takutspring) til senterlina på Gjerstadvegen skal vere minst 28 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslé må følgjast.
4. Garasjen må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5422.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t og årstdøgntrafikken (ÅDT) er 500. I rammeplan for avkjørsler og byggegrenser (2021-2024) har strekninga fått haldningsklasse 3 – mindre streng. Det inneber at ved søknad om dispensasjon frå byggegrense bør ikkje tiltak etablerast nærmare enn 30 meter frå

vegmidte. Det er søkt om å etablere eit mindre tiltak som vil ligge 28 meter frå Gjerstadvegen. Etter ei samla vurdering av forholda på staden gir vi løyve til plassering av garasjen som omsøkt.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

### **Kari Elster Moen**

fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

### **Malene Utkilen**

rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### **Vedlegg**

1 situasjonsplan\_A10-01\_Situasjonsplan\_\_Layout.pdf